

KVAR KAN DU MELDE?

SEI I FRÅ er BAS sin avviksmeldar på nett. Følg [linken](#) for å seie i frå.

I tillegg til den digitale avviksmelderer kan du alltid ta kontakt direkte med ein av skulen sine tilsette eller skrive ein e-post til enten administrasjonen (adm@bas.org) eller til skulen sitt læringsmiljøutvalg, LMU (lmu@bas.org). Alle tilsette og representantar i skulen sine utval har teieplikt!

KVA KAN DU MELDE?

Du kan melde inn alt som påverkar ditt læringsmiljø. Du kan varsle om bekymringer for andre og skadelege farlege eller straffbare hendingar. Du kan også sende forslag til tiltak.

Tema kan være:

- Fysiske avvik: avvik på bygg/materiell, innbrot, forureining
- personskade
- diskriminering
- mobbing/trakassering
- trugslar/vald
- bekymringar

KVA SKJER NÅR DU MELDER?

BAS følger ei fast prosedyre ved mottak av avvik. Alle saker som meldast inn vil bli tatt alvorleg og undersøkt så langt det lar seg gjere. Merk at det er ulik saksgang/saksbehandlar i ulike saker.

Alle sensitive saker blir behandla konfidensielt. Dersom det vert avdekkja påviste kritikkverdige forhold, vil tiltak igangsetjast for at avdekkja forhold opphører. Vær merksam på at dersom det ikkje finnast bevis for at det har skjedd noko kritikkverdig er det avgrensa moglegheiter for sanksjoner. Di melding kan likevel ha betydning for at det samme ikkje skjer igjen.

ANONYMITET OG PERSONVERN

Du kan velge å melde ei sak anonymt. Du må då vere merksam på at det då kan vere utfordrande å gå vidare med saka og vil sjelden kunne føre til sanksjoner. Alle sensitive dokumenter i saka blir unntatt offentlegheit og behandla fortrolig. Det inneberer at ditt namn ikkje blir kjend for fleire enn det som er naudsyntfor vidare behandling i saka. Alle tilsette og representantar i skulen sine utval har teieplikt.

KVA RETTIGHEITER HAR DU SOM MELDER?

Hvis du ikkje sjølv er part i saken, men sier frå om forhold du har fått kjennskap til, vil du ikkje bli del av vidare saksgang. Du vil få stadfesting på at saka er mottatt, og saksbehandlar vil eventuelt ta kontakt med deg om det er behov for ytterlegare opplysningar for å belyse saka. Dersom du seier frå om noko alvorleg du sjølv har vore utsett for vil du bli part i ei sak. Som part i ei sak har du rett til å bli høyrte og vil alltid bli invitert til ei samtale for å kunne legge fram din versjon av saka. Til samtalen kan du gjerne ha med deg ein person. Det kan være ein venn, eit familiemedlem, studentrådgiver eller advokat. Det vil bli skrive referat frå møtet som du kan gi innspel til. Du vil som part bli holdt orientert om behandling og utfall av

saka så langt det er moge på grunn av teieplikt overfor tredjepersonar. Alle saker vil bli behandla konfidensielt. Du skal ikkje oppleve negative konsekvensar fordi du sier ifrå. Dersom dette likevel skulle skje, ber vi deg snarast ta direkte kontakt med administrasjonen.

KVA RETTIGHEITER HAR DEN SOM ER ANKLAGA FOR KRITIKKVERDIGE TILHØVE?

Enkeltpersonar som blir anklaga for kritikkverdige tilhøve har rett til å få vite om anklagen, få innsyn i saka og få uttale seg. Den eller dei som blir anklaga vil bli innkalt til eigne møter for å få saka belyst frå fleire sider. Dersom det vert avdekka kritikkverdige tilhøve, vil tiltak igangsetjast. Dersom ein tilsett viser seg å være ansvarleg for alvorlege kritikkverdige tilhøve, kan det fremjast personalsak. Dersom ein student har opptrådt grovt forstyrrende, kan det fremjast sak for Styret. Regler for korleis ei slik sak skal førast finn du i Universitets- og høyskoleloven § 4.8 (lovdata.no). Parter i saka vil få beskjed når saka vert avslutta.

FALSK ANKLAGE

Vær merksam på at det er straffbart å anklage nokon på falskt grunnlag.